

Gulen industriområde hamn

Reguleringsplan for:
Gnr. 63 Bnr. 15 m.fl., Gulen kommune

Ard
arealplan



Gulen industriområde hamn, Gbnr. 63/15

GBNR 63/1,15, 37, 38, 45 og 47

GULEN KOMMUNE

Planid.: 2013003

Saksnr.: 13/00308

Sist oppdatert: 03.10.18



Figur 1 Planområdet i Gulen kommune. Kjelde: Norge i 3D.

INNHALD

1	Samandrag	4
2	Nøkkelopplysningar	4
3	Bakgrunn for planarbeidet	4
3.1	Bakgrunn	4
3.2	Intensjonen med planforslaget	4
4	Planprosessen	5
4.1	Varsling	5
4.2	Merknader i samband med varslingar	5
5	Gjeldande planstatus	6
5.1	Fylkes(del)plan	6
5.2	Kommuneplan/kommunedelplan	6
5.3	Reguleringsplanar	8
5.4	Eventuelle temaplanar	9
5.5	Statlige planretningslinjer	9
6	Skildring av planområdet	10
6.1	Lokalisering	10
6.2	Avgrensing	10
6.3	Tilstøytande areal sitt bruk/status	11
6.4	Eksisterande busetnad	11
6.5	Topografi/landskapstrekk	12
6.6	Geologiske ressursar	12
6.7	Soltilhøve	12
6.8	Vegetasjon, dyreliv og andre naturtilhøve	13
6.9	Grøne interesser	15
6.10	Kulturminne, stadnamn og andre kulturhistoriske forhold	16
6.11	Veg og trafikktilhøve	17
6.12	Støy	17
6.13	Offentlig kommunikasjon/ kollektivdekning	17
6.14	Vatn og avlaup	17
6.15	Energi	18
6.16	Privat og offentlig servicetilbod	18
6.17	Risiko	18
6.18	Marinbiologisk mangfald – havbruk/fiske	19
6.19	Privatrechtslege bindingar	20
7	Utgreiing i hht. føreskrift om konsekvensutgreiingar	21
8	Skildring av planforslaget	25
8.1	Innleiing	25
8.2	Reguleringsføremål	26
8.3	Busetnad og anlegg	27
9	Konsekvensar av planforslaget	28
9.1	Overordna planar og vedtak	28
9.2	Eksisterande reguleringsplanar	28
9.3	Estetikk	28
9.4	Universell utforming	29

9.5	Konsekvensar for naboer	29	
9.6	Trafikk- og parkeringstilhøve	29	
9.7	Kulturminne	29	
9.8	Friluftaktivitet, naturområde, born og unge sine interesser i nærmiljøet	29	
9.9	Vurdering av tiltak i høve til naturmangfaldslova	29	
9.10	Vurdering av tiltak i høve til marinbiologisk mangfald – havbruk/fiske	31	Side 3
9.11	Privat og offentlig servicetilbod.....	31	
9.12	Konsekvensar for sjøtransport.....	31	
9.13	Konsekvensar for næringsinteresser.....	31	
9.14	Juridiske/økonomiske konsekvensar for kommunen	31	
9.15	Infrastruktur	31	
9.16	Ros-analyse	31	
10	Merknadar	33	
10.1	Merknadar ved planoppstart i 2013.....	33	
10.2	Merknadar ved utviding av planområdet i 2017.....	35	
10.3	Merknadar ved offentlig høyring i 05.07.18 – 28.08.18	37	
11	Forslagsstillar sin avsluttande kommentar	37	

FIGURLISTE:

Figur 1	Planområdet i Gulen kommune. Kjelde: Norge i 3D.....	1
Figur 2	Varslingsannonse publisert i Strilen 20.04.13 og varslingskart i samband med varslingsplanengrenser 16.03.2017.	5
Figur 3	Utsnitt fra KPA 2012-2024. Oppdatert/vedtatt 15.12.15. Planområdet plassert omtrentleg over. Kjelde: Gulen kommune.	7
Figur 4	Oversikt over tilgrensande reguleringsplanar til planområdet. Kjelde: nordhordlandskart.	8
Figur 5	Oversikt over godkjente planar og pågåande planar i 2017. Kjelde: Nordhordlandskart.	8
Figur 6	Opphavleg plan for området som no er utgått. PlanID: 2002002. Kjelde: BraPlan.....	9
Figur 7	Oversiktskart som syner plasseringa av planområdet. Kjelde: Norhordlandskart.no	10
Figur 8	Avgrensing av planområdet – omtrentleg sett inn i kartet. Kjelde: 1881.no/kart.	10
Figur 9	Oversikt over eksisterande bygg innanfor planområdet. Kjelde: nordhordlandskart.no	11
Figur 10	Flyfoto som viser planområdet og landskapet. Kjelde: Norge i 3D.	12
Figur 11	Markslag frå Skog & landskap – foto frå same base.	13
Figur 12	Sårbarheitskart for strandsona for området ved Sløvåg. Teiknforklaring til høgre. Planområdet er omtrentleg markert med blå stipla sirkel. Kjelde: Gulen kommune.	13
Figur 13	Strandsoneanalyse for Gulen kommune. Figur frå side 19 i rapporten.	14
Figur 14	Kartet viser aktsomhetsområde for flaum. Henta frå miljøstatus.no	15
Figur 15	Kart over kulturminner i området. Kjelde: miljøstatus.no/kart	16
Figur 16	Utsnitt av amtskart. Kjelde: kartiskolen.	17
Figur 17	Trafikkmengde ÅDT. Kjelde: Statens vegvesen.....	17
Figur 18	Trafikktettleik i havområda med tittelfelt. Kjelde: Miljøstatus.no	18
Figur 19	Regionalt viktige gyteområde for kysttorsk i Fensfjorden (oransje markering). Kjelde: miljøstatus.no.	19
Figur 20	Sjøkart over området. Kjelde: nordhordlandskart.no.	20
Figur 21	Utdrag frå føreskrift om konsekvensutgreiningar (trådd i kraft 01.07.2017). Kjelde lovdata.no	21
Figur 22	Reguleringsplanforslag.	25
Figur 23	Bilete av nytt næringsbygg innanfor BKB1. Foto: Elias Engevik	27
Figur 24	Skjematisk framstilling av metode	32

1 SAMANDRAG

Planområdet ligg i Halsvika i Gulen kommune og er om lag 1002 daa. Det vert no utarbeida ein reguleringsplan for området som skal leggje til rette for vidare utvikling av næringsområdet. Det er allereie eit næringsbygg og næringsverksemd innanfor planområdet. Næringsbygget inneheld hotelovernattingsstad, basseng, kontor og daglegvarebutikk. Planen legg til rette for ilandføring av gassleidning, etablering av nye næringsmoglegheiter, samt stadfesting av tidlegare godkjente tiltak.

Side | 4

2 NØKKELOPPLYSNINGAR

Kommune	Gulen kommune
Gardsnamn (adresse i sentrum)	Halsvik
Gardsnr./bruksnr.	GBNR 63/1,15, 37, 38, 45 og 47 m.fl.
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommune(del)pl.)	Regulert i utgått kommunedelplan for Steine, Sløvåg, Skipavik med planid 2010001. No del av gjeldande KPA
Forslagsstillar	Wergeland Holding As
Grunneigar (sentrale)	63/1: Halsvik Jarle 63/15: Wergeland Holding as 63/22: Yeoman Halsvik as
Plankonsulent	Ard arealplan as
Ny plans hovudføremål	Næring, industri, kombinert bygg- og anleggsføremål, samt stadfesting/regulering av tidlegare godkjente tiltak
Planområdets størrelse i daa	1002,3 daa
Tal på nye bustader/nytt næringsareal (BRA)	
Aktuelle problemstillingar (støy, byggehøgde o.l.)	Sikring, m.m
Førelegg det varsel om motsegn (j/n)	N
Konsekvensutgreiingspliktig (j/n)	N
Kunngjering oppstart, dato	20.04.13 og 16.03.17 (utvida planområde)
Fullstendig planforslag mottatt, dato	
Informasjonsmøte haldt (j/n)	

3 BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

3.1 BAKGRUNN

Bakgrunnen for planarbeidet er eit ynskje om å utvide eksisterande næringsverksemder og leggje til rett for nye næringsverksemder. Aktiviteten som vert generert på Nesfossen gjev òg ringverknadar for andre verksemder i nærmiljøet.

3.2 INTENSJONEN MED PLANFORSLAGET

Intensjonen med planframlegget er å legge til rette for vidare utvikling av næringsområdet med andre tiltak knytt til verksemd i dag og i framtid, samt stadfesting av tidlegare godkjente tiltak.

Planframlegget er utført av Ard arealplan as på vegne av tiltakshavar Wergeland Holding as.

4 PLANPROSESSEN

4.1 VARSLING


Planarbeidet i Sløvåg vart varsla med annonse i avisa Strilen den 20.04.13, og lagt ut på nettsidene til Gulen kommune og Ard arealplan as.

Naboar, grunneigarar og aktuelle offentlege etatar vart varsla med brev på same tid. Merknadsfrist vart sett til 31.05.13.

Side | 5

Oppstart av planarbeid vart varsla på nytt i brev datert 16.03.2017 til aktuelle offentlege etatar og naboar. Merknadsfristen vart sett til 14.04.2017. Plangrensa vart utvida for å tilpassa grensa betre til eigedomsgrenser og naboplanar.

Oppstartsmøte med Gulen kommune vart gjennomført den 20.03.13. Nytt møte vart gjennomført den 8.02.17 med den hensikt å få planarbeidet ferdigstilt.



Figur 2 Varslingsannonse publisert i Strilen 20.04.13 og varslingskart i samband med varslings av utvida plangrenser 16.03.2017.

Det vart varsla same avgrensing som i 2013 – men med synt tillegg som vist i bilete til høgre i figur 2, nede i sør til høgre. Etter sist varslings er plangrensa trekt attende for planområdet i nordvest, for å tilpasse avgrensingane til gjeldande/pågåande planar. Sjå desse i figur 4 og 5.

4.2 MERKNADER I SAMBAND MED VARSLINGAR

I samband med varslings i 2013 kom det inn ni fråsegn/merknader. Sju av desse var frå offentlege instansar og to av merknadene var frå private. I samband med varslings av utvida plangrenser i 2017 kom det inn sju fråsegn frå offentlege instansar og ei merknad frå private. Fråsegn/merknader med kommentarar frå planleggarar finn ein under punkt 10.1. og 10.2.

5 GJELDANDE PLANSTATUS

5.1 FYLKES(DEL)PLAN

Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2016-2020 vart vedtatt 14.06.16 og er førande for arbeidet med den regionale planlegginga i perioden. Planstrategien vil bli løfta fram som eit felles overordna styringsverktøy for aktørane i fylket i planperioden, med forventning om at dette gjev seg utslag i dei interne strategiane og planane hjå den einstilte aktør. For fylkeskommunen er planstrategien ein del av den rullerande 4 års planlegging som vert koplå til økonomi- og verksemdsplanlegginga.

Side | 6

Sogn og Fjordane laga sin siste heildekkande fylkesplan tidleg på 2000-talet. Fylkesplan for Sogn og Fjordane 2005 – 2008 er eit styringsdokument for utvikling i fylket. Det overordna målet er å halde oppe folketalet og busetnaden. Folk skal kunne skape seg eit rikt og meningsfylt liv i Sogn og Fjordane. God helse, kultur og tilgjenge for alle i trygge og opne miljø er avgjerande verdiar. Tenestenæringane må styrkast. Ein skal ha eit areal – og miljømål der lokalisering av bustader, næringsverksemd og tenesteyting skal skje med omsyn til effektiv arealutnytting og energibruk.


I fylkesdelplan for arealbruk (vedteken 2000) er det sett som mål å "ivareta strandsona som viktig rekreasjons-, landskaps- og naturområde, og samstundes leggje til rette for busetjing og næringsutvikling. Ein må få til ei lokal tilpassing for å ta i vare og byggje opp under kystkultur og kysttradisjon i fylket".

Under generelle retningslinjer for 100-metersbeltet, går det fram at det skal leggjast vekt på å unngå utbygging i m.a. ubygde/urørte område.

5.2 KOMMUNEPLAN/KOMMUNEDELPLAN


Gjeldande kommuneplan for Gulen kommune 2012-2024 vart vedteken 12.06.2014. Den utgåtte kommunedelplanen Steine, Sløvåg, Skipavika (planID 2010001) vart vidareført og innarbeidd i kommuneplanen sin arealdel. I kommuneplanen sin arealdel er planområdet avsett til næring, kombinert bebyggelse og anleggsføre mål og hamn.

Den 15.12.15 vart det gjennomført nokre mindre endringar i kommuneplanen si arealdel. Endringane gjeld i utgangspunktet for føresegnene til planen og vert omfatta av området for Fensfjorden som ligg sør for planområdet.




Figur 3 Utsnitt fra KPA 2012-2024. Oppdatert/vedtatt 15.12.15. Planområdet plassert omtrentleg over. Kjelde: Gulen kommune.

5.3 REGULERINGSPLANAR




Side | 8

Figur 4 Oversikt over tilgrensande reguleringsplanar til planområdet. Kjelde: nordhordlandskart.



Figur 5 Oversikt over godkjente planar og pågåande planar i 2017. Kjelde: Nordhordlandskart.

Plannamn: Gulen industriområde hamn, Gbnr. 63/15,
Gulen kommune
Planid: 2013003



Figur 6 Opphavleg plan for området som no er utgått. PlanID: 2002002. Kjelde: BraPlan.

5.4 EVENTUELLE TEMAPLANAR

- o KDP Hyttebygging 2004 – 2010
- o Trafikktryggingssplan 2013 - 2025
- o Strandsoneanalyse for Gulen kommune 2011 (Kart Sløvåg)
- o Fylkesdelplan for klima og miljø 2009
- o Biologisk mangfald i Gulen kommune 2005

5.5 STATLIGE PLANRETNINGSLINER

- o Statlege planretningslinjer for styrking av barn og unges interesser i planlegging
- o Statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal- og transportplanlegging
- o Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona

6.3 TILSTØYTANDE AREAL SITT BRUK/STATUS

Planområdet ligg like søraust for Sløvågen og sør for fylkesveg 57 – Gulafjordvegen mot Halsvika. Det er hovudsakleg næringsareal omkring planområdet med unntak av i sør og vest der planområdet grensar mot sjø.

Området ligg nær ferjestaden i Sløvåg og området har opplevd stor industriell vekst dei siste 30 åra mellom anna grunna lokalisering nær Mongstad, gode hamnar og naturlege grunntilhøve for uttak av stein.

Side | 11

6.4 EKSISTERANDE BUSETNAD

Innanfor planområdet finn ein ulike bygg for næringsverksemd, tankar, lagringsstader for ulikt næringsutstyr og område der stein/sand vert tatt ut. Den søndre delen mot Mekevikane er stort sett utmark, men er den seinare tida planert for utviding av næringsområdet.



Figur 9 Oversikt over eksisterande bygg innanfor planområdet. Kjelde: nordhordlandskart.no



Figur 10 Flyfoto som viser planområdet og landskapet. Kjelde: Norge i 3D.

Planområdet ligg sør i Sløvågen ved Brandangersundet ved overgangen til Fensfjorden. Området består eit småkupert landskap med trefattige strandflatar. Langs etter fjorden ligg det ei rekke med små øyer og halvøyer. Nordaust for planområdet ligg fjellet Måsedotten som er på +150 moh. Dei høge fjella gjev ei kjensle av storskala landskap. Området som heilskap dominerast av Fensfjorden der fjorden opplevast som godt utsyn til alle kantar. Sjå 3D-kart i figur 10.

Landskapet er i hovudsak eit småfjord – og storsundlandskap nær opp til fjordbassenget i Fensfjorden. Det meste av strandsona er klassifisert som C representativt/vanleg førekommande. Eit typisk trekk for området er vekslinga mellom kysthei, våg og smalsund.

Som ein kan sjå av figur 10 er planområdet med nærområdet i stor grad utbygd som industriområde, og søre deler er planert etter at flyfotoet er teke. Området sett under eitt har betydelege naturinngrep og det er gjort store landskapstilpassingar. Areal med mindre inngrep innanfor planområdet er lokalisert omtrent midt i planområdet. Då det meste av planområdet allereie er teken i bruk til industri – næringsføremål vil opplevinga av landskapet vere at det er dominert av inngrep. Landskapet har reduserte visuelle kvalitetar sett i forhold til det typiske landskapet i regionen.

Utvidingsområdet er allereie planert i forbindelse med annan verksemd. Det finst ikkje busetnad og fritidsbustadar i nærleiken til planområdet. Området er ikkje eksponert for innsyn frå busetnad av denne typen. Frå ferjestrekninga mellom Sløvåg og Leirvåg er planområdet godt eksponert og reisande med ferja får god oversikt over planområdet. Tiltaket vil opplevast som ein utviding av dagens arealbruk og det visuelle uttrykket på området vil kun i liten grad endra seg i forhold til dagens situasjon.

6.6 GEOLOGISKE RESSURSAR


Det er hovudsakleg bergartar under proterozoisk gneis i grunnfjellskjoldet. Det er gneisbrudd i Halsvik.

6.7 SOLTILHØVE

Ikkje relevant.

6.8 VEGETASJON, DYRELIV OG ANDRE NATURTILHØVE


Dyrelivet i nærområdet er typisk vestlandsk. Innanfor planområdet er det lite dyreliv då storparten av området allereie er planert ut/nytta til ulike næringsaktivitetar.



Figur 11 Markslag frå Skog & landskap – foto frå same base.

Som ein kan sjå av markslagskartet i kjelda Skog & landskap er det meste av landskapet ikkje klassifisert (figur 11). Som ein kan sjå av flyfoto til venstre over, er ikkje områda som er klassifisert som jorddekt fastmark lenger relevant.


Det er ikkje registrert artar innanfor planområdet men rundt planområdet er det registrert artar i artskart. Aust for planområdet er det registrert stær (NT), mens i vest er det registrert fiskemåke (NT), oter (VU), alke (EN), gulspurv (NT), bergirisk (NT), sivspurv (NT) og ærfugl (NT). NT betyr nært trua. VU betyr sårbar. EN betyr sterkt trua.



Figur 12 Sårbarhetskart for strandsona for området ved Sløvåg. Teiknforklaring til høgre. Planområdet er omtrentleg markert med blå stipla sirkel. Kjelde: Gulen kommune.


Som ein kan sjå av kartet er området definert som område for særskilde utbyggingsføremål. I både nord og øst ligg området tett opp til område som er definert med særlige kvaliteter og område som ein skal vere varsam med å byggje ut.

I strandsoneanalysen for Gulen frå 2014 er området definert til ikkje å ha landskapsverdi¹. Sjå figur 13 og teiknforklaring som syner at det meste av området av vårt planområde er klassifisert til type D. Resten er klassifisert til type C – representativ/vanleg førekommande. Planavgrensinga er lagt omtrentleg over.



Figur 13 Strandsoneanalyse for Gulen kommune. Figur frå side 19 i rapporten.

¹ Strandsoneanalyse for Gulen kommune – Delområde 1, 2011



Figur 14. Kartet viser aktsomhetsområde for flaum. Henta frå miljøstatus.no

6.9 GRØNE INTERESSER

Ikkje relevant innanfor planområdet. Området ved Postvågen skil seg ut som eit område som har friluftsliv – og rekreasjonsverdi. Sjå figur 12.

6.10 KULTURMINNE, STADNAMN OG ANDRE KULTURHISTORISKE FORHOLD

Ved søk i basen kulturminnesøk 31.03.15 vart det funne 6 registreringar av arkeologiske kulturminne i og tilgrensande planområdet, sjå figur under.



Side | 16

Figur 15 Kart over kulturminner i området. Kjelde: miljøstatus.no/kart

Oversikt over funna i og i tilknytning til planområdet:

Skipsfunn, uavklart vernestatus og uviss datering – nord for planområdet.
Det er registrert ei rekkje funn av arkeologisk kulturminne av typen busetnad. Desse hadde status som automatisk freda, men er vorte fjerna. Alle desse var frå eldre steinalder.

SEFRAK-registrert vart undersøkt på same tid. Her var det ikkje funne treff av nyare tids kulturminne.

Kvaliteten på fleire av funna er i dag noko uviss sett i høve til kva tiltak som er utført i området.

Fylkeskommunen informerer om at ein er kjent med at områda med steinalderfunn ikkje eksisterer lenger.

Stadnamn og andre kulturhistoriske forhold

Området er prega av namneklassene med naturnamn – øy, -vik, våg, nes, holme og sund. Dette er særskilte vanlege naturnamn som er vanskeleg å datere. Ved ein rask kikk på kartet finne ein Sløvåg, Stangevikane, Mækjevikane, Vardnesholmen og Halsvikvågen. Namna kan tyde på at dei er knytt til naturfenomen og aktivitet på staden. Denne typen namn er vanlege på det ytre vestlandet.

Heilt sør ved Halsvikvågen kan ein på eit eldre amtskart frå 1800 – talet finne namnet Postvaag (sjå figur 16). Det var her den gamle postvegen gjekk. Den Trondhjemske postveg gjekk gjennom ytre Gulen like ved Halsvik frå Postvågen sør ved Fensfjorden og til Rutledal ved Sognefjorden. Den Trondhjemske postveg vart opna i 1785


og ruta vart fylgt fram til 1867. Området med Postvågen ligg utanfor planområdet til vår plan på motsett side av Halsvika.



Figur 16 Utsnitt av amtskart. Kjelde: kartskolen.

6.11 VEG OG TRAFIKKTILHØVE

Vegen forbi planområdet FV 57 har ein fartsgrense på 80 km i timen. ÅDT er mellom 901 – 1700². Trafikken er hovudsakleg ein blanding av nyttetraffikk og pendeltrafikk.



Figur 17 Trafikkmengde ÅDT. Kjelde: Statens vegvesen.

6.12 STØY

Det er ikkje lagt til rette for støyfølsame føremål i planområdet. Avbøtande tiltak for støy vert gjort med utgangspunkt i T-1442.

6.13 OFFENTLEG KOMMUNIKASJON/ KOLLEKTIVDEKNING

Det er offentlig kommunikasjon på FV 57. Rute: 23-495: Oppedal-Brekke-Dalsøyra-Sløvåg-Bergen syter for kollektivdekning forbi planområdet. Bussen går dagleg to gonger frå Oppedal til Sløvåg. Motsett veg går ruta også dagleg to gonger.

Elles er det ferje over frå Sløvåg til Leirvåg. Denne går 18 x 2 gonger (fram og tilbake) for dagen på kvardagar frå kl. 05.50 til 23.15.

6.14 VATN OG AVLAUP

Det er private anlegg i området for avlaup. Mens området er forsynt med vatn frå kommunalt vassverk.

² Statens vegvesen si kartbase

6.15 ENERGI

I klima og energiplanen legg ein opp til å nytte energieffektive løysningar i private næringsbygg. Her ynskjer ein å dekke varmebehovet med anna enn overskotsenergi i området. Knytt til industriaktivitet i og nær opp til planområdet er det anlegg som vil kunne bidra med overskotsenergi. I dag er det energi som vert spillvarme og som dermed ikkje vert utnytta. Klimaplanen for Gulen kommune vurderer at det her er mykje energi som kan nyttast til anna energibruk³

Den største bidraget elles til energibruk er bil- og båttransport.

Side | 18


6.16 PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD

Sløvåg næringsbygg Vidsyn⁴ - ligg innanfor planområdet, og inneheld ei rekke private servicetilbod som daglegvarehandel, blomsterhandel, reklamebyrå, hotell, restaurant og ei rekkje næringsverksemdar med tilbod om ulike tenester knytt til dei ulike verksemdene på staden. Nærast daglegvarehandel utanfor planområdet er i Eidsbotn. Her er også bensinstasjon. Denne ligg 6,5 km unna mot aust ved FV 57. Dei fleste andre offentlege og private tenester finn ein i kommunesenteret Eivindvik, om lag 40 km frå Sløvåg.

6.17 RISIKO

Det er samla mykje forskjellig næringsaktivitet i området og rundt – både under og over bakkenivå og i sjø. Her er oljeterminal som tek imot avfall for endring til nye ressursar, her er råoljeterminal, og lagringsanlegg for lågradioaktivt materiell i hallar under bakken.

Det går ferje rett forbi området i tillegg til store skip som leverer last som skal til kontroll/lagring osv.



Figur 18 Trafikktetthet i havområda med tittelfelt. Kjelde: Miljøstatus.no

Sjå full ROS-analyse under punkt 9.15.

³ Energi_klimaplan_Gulen kommune_201, side 28.

⁴ www.vidsyn-gulen.no

6.18 MARINBIOLOGISK MANGFALD – HAVBRUK/FISKE


Fiskeridirektoratet har registrert fylgjande i si base <http://kart.fiskeridir.no/>: i sjønære område til Sløvåg/Halsvik.

Matfisk – laks, ørret og regnbueørret er registrert i delar av Fensfjorden som går mot Brandangersundet. I store delar av Brandangersundet er det fiskeplass med ventebøye.

Kaste og Låssettingsplassar finn ein i aust i Masfjorden kommune i Haugsdalsosen og inst i Eidsfjorden.


Side | 19

Det er fleire kartlagde gyteområde for kysttorsk⁵ i Fensfjorden. Dei kartlagde gytefeltet er av Havforskningsinstituttet registrert som regionalt viktige.



Figur 19 Regionalt viktige gyteområde for kysttorsk i Fensfjorden (oransje markering). Kjelde: miljøstatus.no.

⁵ www.miljøstatus.no/kart/kysttorsk



Figur 20 Sjøkart over området. Kjelde: nordhordlandskart.no.

Sjøkartet syner skipsled, vassdjupne, sjømerke, straumtilhøve, hamnar osv.

6.19 PRIVATRETTSLEGE BINDINGAR

Ingen kjente.

7 UTGREIING I HHT. FØRESKRIFT OM KONSEKVENSGREIINGAR

I samsvar med plan og bygningslova er det krav om konsekvensutgreiing (KU) for planar som fastsett retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging. For reguleringsplanar gjeld kravet om konsekvensutgreiing berre dersom planen kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn.

I avsnittet under gå ein gjennom punkta i føreskrifta om konsekvensutgreiingar og drøftar om planarbeidet løysar ut krav om konsekvensutgreiing. Vurderinga blir gjort kronologisk, etter kapittel 2 (§6, 7 og 8) i føreskrifta, som tar for seg kva planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast.

Side | 21

Kapittel 2. Planer og tiltak som omfattes av forskriften

§ 6. Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding

Følgende planer og tiltak skal alltid konsekvensutredes og ha planprogram eller melding:

- kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplaner etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II
- reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen
- tiltak i vedlegg I som behandles etter andre lover enn plan- og bygningsloven.

Fylkeskommunen er ansvarlig myndighet for regionale planer. Kommunen er ansvarlig myndighet for kommunale planer. Ansvarlig myndighet for planer og tiltak etter bokstav b og c fremgår av vedlegg I. For tiltak etter bokstav b der gjennomføring av tiltaket ikke krever ny plan, er forurensningsmyndigheten ansvarlig myndighet hvis tiltaket krever tillatelse etter forurensningsloven.

Hvis en plan etter plan- og bygningsloven endres mellom varsel om oppstart av planarbeidet og utleggelse av planforslag til offentlig ettersyn, og endringen medfører at planen omfattes av første ledd bokstav a eller b, skal planen behandles etter reglene i kapittel 5 og 6.

§ 7. Planer og tiltak etter andre lover som alltid skal konsekvensutredes, men ikke ha melding

Følgende tiltak og planer etter andre lover skal alltid konsekvensutredes, men ikke ha melding:

- tiltak i vedlegg II som behandles etter energi-, vannressurs- eller vassdragsreguleringsloven
- planer og programmer etter andre lover som fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II og som vedtas av et departement.

Ansvarlig myndighet for tiltak etter bokstav a fremgår av vedlegg II. Fagdepartementene er ansvarlig myndighet for planer eller programmer etter bokstav b.

§ 8. Planer og tiltak som skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn

Følgende planer og tiltak skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger etter § 10, men ikke ha planprogram eller melding:

- reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen
- tiltak i vedlegg II som behandles etter en annen lov enn plan- og bygningsloven.

Ansvarlig myndighet for bokstav a og b fremgår av vedlegg II. For tiltak etter bokstav a der gjennomføring av tiltaket ikke krever ny plan, er forurensningsmyndigheten ansvarlig myndighet hvis tiltaket krever tillatelse etter forurensningsloven.

Hvis det mellom varsel om oppstart av planarbeidet etter plan- og bygningsloven og utleggelse av planforslag til offentlig ettersyn fremkommer nye opplysninger eller skjer endringer i faktiske forhold som medfører at planen likevel kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn, skal det i planforslaget gis en særskilt redegjørelse for planens virkninger.

Figur 21. Utdrag frå føreskrift om konsekvensutgreiingar (trådd i kraft 01.07.2017). Kjelde lovdata.no

Vurdering

I § 6 er punkt a) ikkje aktuelt. Då planen vil bli ein detaljreguleringsplan.

I § 6 er punkt b) og c) aktuelt då tiltaka er omfatta av vedlegg I.

Punkt	Namn	Lovverk	Konsekvensutgreidd i plan
3 b IV)	Anlegg beregnet utelukkende på disponering av radioaktivt avfall	- Statens strålevern - Klima- og miljødepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet - Forurensningsloven - Atomenergiloven - Strålevernloven	- Etablering av anlegg for deponering av lavradioaktivt avfall fra oljeindustrien ved Stangeneset fyllplass, Gulen kommune - Tilleggsutredning til Konsekvensutredning

			etter Plan- og bygningsloven kap. VII-a Råolje og pet.term. industriomr. - G.I.H.
3 b V)	Anlegg beregnet utelukkende på lagring (planlagt å vare meir enn 10 år) av bestrålt kjernebrensel eller radioaktivt avfall på annet sted enn produksjonsstedet	- Statens strålevern - Klima- og miljødepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet - Forurensningsloven - Atomenergiloven - Strålevernloven	- Etablering av anlegg for deponering av lavradioaktivt avfall fra oljeindustrien ved Stangeneset fyllplass, Gulen kommune - Tilleggsutredning til Konsekvensutredning etter Plan- og bygningsloven kap. VII-a - Råolje og pet.term. industriomr. - G.I.H.
8 a)	Etablering av innlands vannveier og havner for trafikk på innlands vannveier der skip over 1 350 tonn kan seile (mindre tiltak omfattes av vedlegg II nr. 10f)	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven	- Konsekvensutgreiing for kommunedelplan for Steine – Sløvåg – Skipavik - Råolje og pet.term. industriomr. - G.I.H.
8 b)	Nyetablering av farleder, havner og havneanlegg, der skip på over 1 350 tonn kan seile og anløpe. Ferjekaier inngår i punkt 7b, 7c eller 7e.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven	- Konsekvensutgreiing for kommunedelplan for Steine – Sløvåg – Skipavik - Råolje og pet.term. industriomr. - G.I.H.
16	Rørledninger med en diameter på over 800 mm og en lengde på over 40 km: a) Til transport av gass, olje og kjemikalier	- Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven. - Norges vassdrags- og energidirektorat for tiltak etter naturgassloven. - Tiltak som omfattes av petroleumsloven behandles etter egne regler om konsekvensutredninger. Olje- og energidepartementet. - Behandles etter egne regler om konsekvensutredninger etter kontinentalsokkelloven. Olje- og energidepartementet	- Konsekvensutgreiing for kommunedelplan for Steine – Sløvåg – Skipavik - Råolje og pet.term. industriomr. - G.I.H.
24	Næringsbygg, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på mer enn 15 000 m ² (mindre tiltak omfattes av vedlegg II nr. 11j)	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven	Konsekvensutgreiing for kommunedelplan for Steine – Sløvåg – Skipavik

§ 7 a) er aktuell da planen inneheld tiltak som handsamast etter energi-, vannressurs- eller vassdragsreguleringsloven.

Punkt	Namn	Lovverk	Konsekvensutgreidd i plan
3 i)	Konsesjonspliktige anlegg for utnyttning av vindkraft til energiproduksjon	Norges vassdrags- og energidirektorat. Energiloven	Vil verte konsekvensutgreidd i neste fase.

§ 7 b) er aktuell da planen inneheld planer og programer etter andre lover som fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II og som vedtas av et departement.

Vedlegg I

Punkt	Namn	Lovverk	Konsekvensutgreidd i plan
3 b IV)	Anlegg beregnet utelukkende på disponering av radioaktivt avfall	- Statens strålevern - Klima- og miljødepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet - Forurensningsloven - Atomenergiloven - Strålevernloven	- Etablering av anlegg for deponering av lavradioaktivt avfall fra oljeindustrien ved Stangeneset fyllplass, Gulen kommune - Tilleggsutredning til Konsekvensutredning etter Plan- og bygningsloven kap. VII-a - Råolje og pet.term. industriomr. - G.I.H.
3 b V)	Anlegg beregnet utelukkende på lagring (planlagt å vare meir enn 10 år) av bestrålt kjernebrensel eller radioaktivt avfall på annet sted enn produksjonsstedet	- Statens strålevern - Klima- og miljødepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet - Forurensningsloven - Atomenergiloven - Strålevernloven	- Etablering av anlegg for deponering av lavradioaktivt avfall fra oljeindustrien ved Stangeneset fyllplass, Gulen kommune - Tilleggsutredning til Konsekvensutredning etter Plan- og bygningsloven kap. VII-a - Råolje og pet.term. industriomr. - G.I.H.
16	Rørledninger med en diameter på over 800 mm og en lengde på over 40 km: a) Til transport av gass, olje og kjemikalier	- Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven. - Norges vassdrags- og energidirektorat for tiltak etter naturgassloven. - Tiltak som omfattast av petroleumsloven behandlast etter egne regler om konsekvensutgreiingar. Olje- og energidepartementet. - Behandlast etter egne regler om konsekvensutgreiingar etter kontinentalsokkelloven. Olje- og energidepartementet	- Konsekvensutgreiing for kommunedelplan for Steine – Sløvåg – Skipavik - Råolje og pet.term. industriomr. - G.I.H.
28	Vindkraftanlegg med en installert effekt på mer enn 10 MW (mindre tiltak omfattes av vedlegg II nr. 3h)	Norges vassdrags- og energidirektorat. Energiloven	Vil verte konsekvensutgreidd i neste fase.

Vedlegg II

Punkt	Namn	Lovverk	Konsekvensutgreidd i plan
2 e)	Anlegg for utvinning av kull, olje, naturgass, malm og oljeskifer	Olje- og energidepartementet for tiltak etter petroleumsloven	- Konsekvensutgreiing for kommunedelplan for Steine – Sløvåg – Skipavik - Råolje og pet.term. industriomr. - G.I.H.
3 b1)	Industrianlegg og rørledninger for transport av olje og gass, damp og varmtvann	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven. Norges vassdrags- og energidirektorat. Naturgassloven. Energiloven. Olje- og energidepartementet. Petroleumsloven	- Konsekvensutgreiing for kommunedelplan for Steine – Sløvåg – Skipavik - Råolje og pet.term. industriomr. - G.I.H.
3 g)	Anlegg for bearbeiding og lagring av radioaktivt avfall	Statens strålevern. Atomenergiloven.	Etablering av anlegg for deponering av

	der det kreves tillatelse fra Statens strålevern	Forurensningsloven og strålevernloven	lavradioaktivt avfall fra oljeindustrien ved Stangeneset fyllplass, Gulen kommune Tilleggsutredning til Konsekvensutredning etter Plan- og bygningsloven kap. VII-a • Råolje og pet.term. industriomr. - G.I.H.
--	--	---------------------------------------	---

Side | 24

Det må vurderast om tiltaka som er lista opp under kan få vesentlege verknadar etter §10 for miljø eller samfunn, i høve § 8, punkt a). Dersom tiltaka kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn skal tiltaka konsekvensutgreiast. Det er ikkje krav om planprogram for planer etter § 8.

Punkt	Namn	Lovverk	Konsekvensutgreidd i plan
10e)ii)	Bygging av hamnar og hamneanlegg, mellom anna fiskehamnar og offshorerelaterte hamnar	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven	- Konsekvensutgreiing for kommunedelplan for Steine – Sløvåg – Skipavik - Råolje og pet.term. industriomr. - G.I.H.
10e)iii)	Utvidelse eller vesentlig endret bruk av eksisterende farleder	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven	- Konsekvensutgreiing for kommunedelplan for Steine – Sløvåg – Skipavik - Råolje og pet.term. industriomr. - G.I.H.
4 g)	Skipsverft	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven	- Konsekvensutgreiing for kommunedelplan for Steine – Sløvåg – Skipavik - Råolje og pet.term. industriomr. - G.I.H.
1 f)	Akvakultur	Fylkeskommunen. Akvakulturloven	- Konsekvensutgreiing for kommunedelplan for Steine – Sløvåg – Skipavik - Råolje og pet.term. industriomr. - G.I.H.

I § 6 b) og c), 7 a) og b), 8 a) og b) er aktuelt då tiltaka er omfatta av vedlegg I og II. Men kravet om KU for reguleringsplanar gjeld ikkje om det konkrete tiltaket allereie er KU-utgreidd eller der eksisterande forhold ikkje skal endrast.

21.06.2012 vart kommunedelplanen for Steine, Sløvåg, Skipavika vedtatt. Seinare er kommunedelplanen vidareført og innarbeidd i kommuneplanen si arealdel og godkjent i 2015.

Det ligg føre ei grundig KU-utgreiing til den vedtekte kommunedelplanen som fangar opp nokre av dei reguleringsføremlåa som vår reguleringsplan skal syna. Gjeldande KDP syner innanfor nytt planområde industri, offentlege trafikkområde, fareområde, spesialområde og blanda føremål (kontor og industri). I 2005 vart det laga ein tilleggsutredning til KU for deponi og behandlingsanlegg for lågradioaktivt avfall.

Regulering av allereie eksisterande verksemd vil heller ikkje utløysa plikt til konsekvensutgreiing, med mindre reguleringa legg til rette for ein vesentleg utviding av eksisterande verksemd som vert fanga opp av kriteria i KUF vedlegg I. Det er ikkje tilfelle her.

Reguleringsplan/detaljplan for Halsvik, Gulen Industrihamn, Sløvåg sør legg opp til å vidareføra tidlegare reguleringsplan sine føremål (med mindre justeringar som planføresegnene gjev grunnlag for). Planarbeidet vil heller ikkje på vesentlege område endra kommuneplanen for Gulen kommune sine intensjonar.

På bakgrunn av utgreiinga over og samtalar med Gulen kommune, vurderer ein planarbeidet for utarbeiding av reguleringsplan for Halsvik, Gulen Industrihamn, Sløvåg sør ikkje å koma innunder konsekvensutgreiingsforskrifta.

8.2 REGULERINGSFØREMÅL

Kode	Formål	FELTNAVN	Areal (m²)
1300	Nærings bygningar	BN3	2714,69
1300	Nærings bygningar	BN9	13248,32
1300	Nærings bygningar	BN4	34588,69
1300	Nærings bygningar	BN5	126386,54
1300	Nærings bygningar	BN2	6390,64
1300	Nærings bygningar	BN1	203777,45
1300	Nærings bygningar	BN11	23765,78
1300	Nærings bygningar	BN10	12708,24
1300	Nærings bygningar	BN6	55478,23
1300	Nærings bygningar	BN7	34185,38
1300	Nærings bygningar	BN8	113381,46
1800	Kombinert byggje- og anleggsformål	BKB2	4131,93
1800	Kombinert byggje- og anleggsformål	BKB1	54131,26
1824	Næring/tenesteyting	BKB3	10919,87
2010	Veg	f_SV7	3409,61
2010	Veg	f_SV8	245,43
2010	Veg	f_SV4	152,64
2010	Veg	f_SV2	5411,98
2010	Veg	o_SV1	6486,5
2010	Veg	f_SV5	149,6
2010	Veg	f_SV3	3399,76
2010	Veg	f_SV6	1107,88
2012	Fortau	o_SF2	242,18
2012	Fortau	f_SF4	204,87
2012	Fortau	o_SF1	146,76
2012	Fortau	f_SF3	269,07
2012	Fortau	f_SF5	178,42
2018	Annan veggrunn - tekniske anlegg	f_SVT8	497,66
2018	Annan veggrunn - tekniske anlegg	f_SVT7	1127,6
2018	Annan veggrunn - tekniske anlegg	f_SVT4	112,4
2018	Annan veggrunn - tekniske anlegg	f_SVT6	129,8
2018	Annan veggrunn - tekniske anlegg	f_SVT3	877,32
2018	Annan veggrunn - tekniske anlegg	f_SVT5	569,27
2018	Annan veggrunn - tekniske anlegg	f_SVT2	616,07
2018	Annan veggrunn - tekniske anlegg	f_SVT1	465,66
2019	Annan veggrunn - grøntareal	o_SVG2	943,28
2019	Annan veggrunn - grøntareal	o_SVG3	1855,5
2019	Annan veggrunn - grøntareal	o_SVG1	6697,21
2073	Kollektivhaldeplass	o_SKH1	149,97
2073	Kollektivhaldeplass	o_SKH2	153,66
3060	Vegetasjonsskjerm	o_GV	1773,44
6100	Ferdsel	VFE	18151,91
6220	Hamneområde i sjø	VHS2	219714,9
6220	Hamneområde i sjø	VHS1	31268,14

8.3 BUSETNAD OG ANLEGG

8.3.1. Kombinert bygge- og anleggsføremål BKB1 – BKB2

I det eine området for kombinert bygge- og anleggsføremål, BKB1, har det vorte bygd eit næringsbygg (Vidsyn hotell og restaurant/Sløvåg næringsbygg) med eit stort utval av tenester. Ein finn mellom anna handel, kontor, restaurant og hotell. Det er vidare mogleg å halde selskap, gravferd, konfirmasjon og dåp i bygget. I tillegg til eksisterande bygg innanfor BKB1 er det moglegheiter til å etablere symje- og idrettsanlegg. Utnyttingsgraden innanfor BKB1 er satt til 40% BYA mens i BKB2 er den satt til 15% BYA. Byggehøgda i BKB1-2 er 18 meter over gjennomsnittleg planert terreng. BKB2 er område tenkt mellom anna for bensinstasjon.

Side | 27



Figur 23 Bilete av nytt næringsbygg innanfor BKB1. Foto: Elias Engevik

8.3.2. Næring BN1-BN11

Innanfor nokre av områda avsett til næring, er det allereie oppført nokre bygg knytt til næringsverksemda i planområdet. Det opnast vidare for etablering av fleire nye næringsbygg i området. Området ligg ved fylkesvegen. %BYA er sett til 30% for alle delområde i BN1-11. Tiltaka innanfor næringsområda vil opplevast som en utviding av dagens arealbruk og det visuelle uttrykket på området vil endre seg i mindre grad i forhold til dagens situasjon.

I BN1 er det tenkt dokk, kai, verftsindustri og annan næring. Kai, dokk og verftsindustri er sikra gjennom §2.1.2. For at området skal kunne handtera flest mogleg båtar er det satt ei maks byggegrensa på 50 meter over gjennomsnittleg planert terreng i BN1. Det visuelle uttrykket av verftet vil bli endra i mindre grad, då området allereie er kraftig utbygd med næring og det er eit stykke til næraste busetnad.

I BN2-3 er sett av til næring. Maksimal byggjehøgde er sett til 18 meter over gjennomsnittleg planert terreng.

I BN4-BN8 er sett av til næring, som til dømes: hamn, vindmøller, landbasert fiskeoppdrett, ilandføring av gassleidning, gassbehandlingsanlegg, demontering av oljeinstallasjonar, montasje, service og ferdigstilling av olje- og landbaserte konstruksjonar og annan næring. Det kan til dømes etablerast slipp, arbeidsflate, kai, hall, lager, vaske- og reinseanlegg. Kaien skal ver stor nok til å kunne betene fartøy som frakter oljeplattformer. Maksimalt tillate byggjehøgde innanfor BN4-BN8 er 50 meter over gjennomsnittleg planert terreng. Det tillat å etablere kraner og vindmøller som har ei høgde opp til 150 meter over gjennomsnittleg planert terreng. Ved etablering av vindmøller skal det lagast ein konsekvensutgreiing før løyve vert gjeve.

BN9 og BN10 er tiltenkt næring med tilhøve til å mottak, sortering og mellomlagring av farleg avfall, samt annan type næring. Maksimal byggjehøgde er sett til 18 meter over gjennomsnittleg planert terreng.

BN11 er sett av til annan næring. Maksimal byggjehøgde er sett til 18 meter over gjennomsnittleg planert terreng.

Ved sprenging/ peling under vatn skal det nyttast boblegardin eller annan tilsvarande støydempande/avbøtande tiltak. Det er ikkje tillate med sprenging, utfylling og deponering i sjø under gyteperioden til torsk. Gyteperioden er frå februar til april.

Lokal overvasshandtering skal leggst til grunn ved detaljutføring og prosjektering av tiltak. Gjennomføring av bygningsmessige tiltak skal ikkje gje endring i avrenningssituasjonen nedstraums frå byggeområde og vegar. Der oppsamla overvatn vert ført ut i terreng eller ned i grunn skal det gjerast på ein slik måte at det ikkje fører til auka flaumfare eller redusert kvalitet på areala nedstraums utsleppet. Tiltak i ureina område på land eller i sjø skal følgje krava etter ureiningslova. Dersom det er ureina grunn over normverdiane pliktar tiltakshavar å utarbeide ein tiltaksplan. Når det skal fyllast ut eller mudrast i område der det er fare for ureina sediment, må miljøtekniske undersøkingar stadfesta ureiningsgraden. Storleiken på tiltaket/utfyllinga er avgjerande for kva undersøkingar som må utførast, jf. Miljødirektoratet sin rettleiar Handtering av sedimenter (M-350, 2015). Store tiltak > 50000 m³/30000 m³ krev både sedimentgransking og naturkartlegging. Naudsynte tiltak som til eksempel utplassering av oppsamlingsskjørt/lenser utanfor fyllingsområdet skal vurderast i plan for anleggsfasen.

8.3.3. Lager

Området for lager, BL, er regulert under bakken og er eksisterande lager under etablert næringsbygg i BKB01.

8.3.4. Tenesteyting/næring

Området for tenesteyting/næring er tiltenkt bilverkstad, tenesteyting, detaljhandel og liknande. Byggjehøgda i BKB3 er maks 18 meter og maks BYA er 30%.

8.3.5. Universell utforming

Det meste av planområdet er næring, industri og lager, og mykje er ikkje vere universelt utforma. Mange av områda er planert ut i dag. I området i nordaust som er regulert til kombinert byggje- og anleggsføremål finn ein fleire handels- og servicetilbod og det er her difor lagt til rette for universell utforming i dette bygget med HC-toalett og heis m.m.

8.3.6. Leik/uteopphaldsareal

Ikkje aktuelt.

8.3.7. Parkering

Parkering løysast innanfor dei einskilde arealføremåla. Parkeringa er sikra i § 2.1.10.

8.3.8. Trafikkareal

Heilt nord i området går fv.57 som har ei breidde på 7,5 meter. Vegane innanfor planområdet har elles hovudsakleg ei breidde på 7 meter og dei fleste er allereie etablert med fast dekke.

8.3.9. Støytiltak

Avbøtande tiltak for støy vert gjort med utgangspunkt i T- 1442 og i Byggt teknisk forskrift.

8.3.10. Avfallshandtering/miljøstasjon

Kvar einskild næringsbedrift må fylgje til ein kvar tids sine reglar for avfallshandtering i samsvar med HMS. Radioaktivt stoff skal lagrast på godkjent måte og i tråd med lover og retningslinjer.

8.3.11. Risiko

Det er knytt risiko til lagring av diverse materiale innanfor planområdet, mellom anna lågradioaktivt avfall i fjellhallar. Dette vert vidare utdjupa i ROS-analysen. Generelt er det knytt risiko til ulike aktivitetar i eit næringsområde og HMS er viktig for å unngå nødvendig risiko.

9 KONSEKVENSAV PLANFORSLAGET

9.1 OVERORDNA PLANAR OG VEDTAK

Planforslaget er i samsvar med overordna plan.

9.2 EKSISTERANDE REGULERINGSPLANAR

Planforslaget har ingen vesentlege konsekvensar for tilgrensande reguleringsplanar.

9.3 ESTETIKK

Innanfor planområdet er det blant anna store skjeringsar, samt at det er mykje massar er tekne ut og flytta om på. Planområdet ligg midt i og er del av eit stor næringsområde utan bustader i nærleiken og vil såleis ikkje vere til sjananse for nokon. Dei ulike delområda med ulike industriverksemd er ryddige og oversiktlege, noko som vonleg vil halde fram også i framtida. Det visuelle uttrykket av området vil verte endra i mindre grad, då området allereie er kraftig utbygd med næring og det er eit stykke til næraste busetnad.

9.4 UNIVERSELL UTFORMING

Heilt i nordaust innanfor BKB1 er det etablert eit næringsbygg med ulike handels- og servicetilbod for allmenta. Bygget er lagt til rette med universell utforming.

9.5 KONSEKVEN SAR FOR NABOER

I tilgrensande planområde ligg det andre meir eller mindre utbygde industriareal, utmark og sjø. Planframlegget vil ha mindre konsekvensar for naboar og tilgrensande områder utover det som allereie er utbygd med pågåande aktivitetar. Innanfor faresona kan det ikkje etablerast bygg eller drivast verksemd i areal som inneber varig opphald. Plassering av byggjetiltak innanfor faresona skal oppfylle brannkrava i høve til byggjeforskrifta, og skal dokumenterast på byggjesaksnivå.

Side | 29

9.6 TRAFIKK- OG PARKERINGSTILHØVE

Ingen konsekvensar.

9.7 KULTURMINNE

Det er registrert funn frå eldre steinalder i og i tilgrensande areal til planområdet. Desse lokalitetane er vorte fjerna og planframlegget vil difor ikkje ha innverknad på desse.

9.8 FRILUFTSAKTIVITET, NATUROMRÅDE, BORN OG UNGE SINE INTERESSER I NÆRMILJØET

Området innanfor planområdet vert ikkje brukt til friluftaktivitetar på land og planframlegget har difor ikkje nokon innverknad på dette.

9.9 VURDERING AV TILTAK I HØVE TIL NATURMANGFALDSLOVA

Det er eit nasjonalt mål at tap av biomangfald skal stoppast, og arealbruken skal støtte opp om dette målet (St.meld 26 (2006 - 2007)). Tiltaket er vurdert ut frå krava i kapittel II i Naturmangfaldslova, med særleg omsyn til prinsippa i følgjande heimlar:

§ 8 : Kunnskapsgrunnlaget.

§ 9 : Føre-var-prinsippet.

§ 10: Økosystemtilnærming og samla belastning.

§ 11: Tiltakshavar betaler.

§12: Miljøforsvarlege teknikkar.

Vurdering etter §8 Kunnskapsgrunnlaget:

Sentrale tema	Vurdering
Kva slags landskap, økosystem, naturtypar eller arter vert råka av planen?	Landskapet som vert råka av planen består av anleggsområdet, samt nokre bare bergknauser. Det er ikkje registrert nokon særskilde eller viktige økosystem og naturtypar innanfor planområdet.
Kva slags effekt vil planen ha på landskap, økosystem, naturtypar og arter?	Planen vil ikkje meir inngrep i landskapet enn kva det allereie er der i dag. Då det ikkje er registrert viktige økosystem, naturtypar og artar i området vil ikkje planen ha nokon påverknad for dette.
Korleis er tilstanden for landskapet, økosystem og utviklinga i tal lokalitetar av naturtypane og bestandane på landsbasis og på staden?	Ikkje aktuelt då det ikkje er gjort registreringar av viktige økosystem og naturtypar.
Føreligg det faglege rapportar og utgreiingar om naturmangfald i det aktuelle planområdet?	Ein er ikkje kjend med at det føreligg faglege rapportar og utgreiingar om naturmangfald i planområdet.
Føreligg det erfaringsbasert kunnskap (frå lokalsamfunnet, kommunar og andre myndigheiter) om det aktuelle planområdet?	Føreligg ingen særskild erfaringsbasert kunnskap som ein er kjend med om planområdet.
Vil planen påverke truga og nært truga arter på Norsk raudliste for arter 2015?	Vil ikkje påverke truga og nært truga arter på Norsk raudliste for arter 2015
Vil planen påverke truga og nært truga naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2011?	Vil ikkje påverke truga og nært truga naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2011.
Vil planen påverke utvalde naturtypar eller prioriterte arter?	Vil ikkje påverke utvalde naturtypar eller prioriterte artar.
Vil planen påverke verneområde, nærområde til verneområde, marint beskytta områder eller verna vassdrag (jf. verneplan for vassdrag)?	Vil ikkje påverke verneområde, nærområde til verneområde, marint beskytta områder eller verna vassdrag.

Vil planen påvirke tilstanden i sjø eller vassførekomst?	Vil kunne påvirke tilstanden i sjø under utfylling i sjø. Det er lagt inn føresegner som sikrar gyteperioden til torsk.
Vil planen påvirke utvalde kulturlandskap?	Ingen kjennskap til at planen vil påvirke utvalde kulturlandskap.
Vil planen påvirke miljøregistreringar i skog?	Planen vil ikkje påvirke miljøregistreringar i skog.
Vil planen påvirke inngrepsfrie naturområde (INON)?	Planen vil ikkje påvirke inngrepsfrie naturområde (INON).
Vil planen påvirke område eller naturtypar som er spesielt verdfulle for naturmangfald?	Planen vil ikkje påvirke område eller naturtypar som er spesielt verdfulle for naturmangfald.

Vurdering etter § 9 Føre-var-prinsippet:

Sentrale tema	Vurdering
Veit ein nok om landskap, økosystem, naturtypar og artar, og om kva slags verknadar det aktuelle tiltaket har for desse?	Ja, tilstrekkeleg kunnskap føreligg.
Er det sannsynleg at tiltaket vil medføre vesentleg (alvorleg eller irreversibel) skade på landskap, økosystem, naturtypar og artar?	Ikkje sannsynleg at tiltaket vil medføre vesentleg skade på landskap, økosystem, naturtypar og artar.

Vurdering etter § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning:

Sentrale tema	Vurdering
Kva slags eksisterande tiltak eller bruk utgjer ei påverknad på landskap, økosystem, naturtypar og artar?	Når det gjeld eksisterande bruk inneheld planområdet allereie eit stor næringsområdet. Dette har ikkje særskild påverknad på landskap, økosystem, naturtypar og artar
Kva slags framtidige tiltak og bruk i landskapet eller økosystemet som ein har oversikt over kan utgjere ei påverknad på naturtypar og artar?	Tiltak som vil skje i området vil vere opparbeiding av vegar og næringsbygg. Denne påverknaden vil likevel ikkje ha betyding då det ikkje er gjort viktige registreringar av landskap økosystem, naturtypar og artar.
Kva vil den samla belastninga (effekten) av planen eller tiltaket være, det vil seie eksisterande tiltak og bruk, planframlegget og framtidige tiltak og bruk?	Den samla belastninga av planen vil vere stor, men dette vil likevel ikkje vere av stor betyding då det ikkje er gjort viktige registreringar av landskap økosystem, naturtypar og artar.
Kva veit ein om situasjonen for det naturmangfaldet som råkas på kommunenivå, fylkesnivå og på landsbasis?	Det er ikkje naturmangfald av stor viktighet som vert råka.
Manglar ein kunnskap om verkinga (effekten) av planen sin samla belastning for landskap, økosystem, naturtypar og artar? I så fall må § 9 leggast stor vekt på.	Nei, tilstrekkeleg kunnskap føreligg.

Vurdering etter § 11 Tiltakshavar betaler:

Paragrafen går på at tiltakshavar skal dekke kostnadene ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket forårsakar, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden si karakter. Kostnader som tiltakshavar kan måtte kome til å måtte dekke for å få tatt nødvendige naturmangfaldsomsyn kan vere:

- At tiltakshavar vert pålagt å betale for å skaffe meir kunnskap om naturmangfald.
- At tiltakshavar vert pålagt å overvake naturtilstanden.
- At tiltakshavar må velje ein meir kostbar og tidkrevjande teknikk, lokalisering eller driftsform.
- At tiltakshavar får gjennomføre tiltaket, men at det vert gitt pålegg om retting eller avbøtande tiltak som vil redusere eller minimere skadane på naturmangfaldet.

Ein er ikkje kjend med at tiltakshavar må dekke kostnader for at det vert teke særskilde naturmangfaldsomsyn.

Vurdering etter § 12 Miljøforsvarlege tekniskar:

Paragrafen går på at for å unngå eller avgrense skadar på naturmangfaldet skal det takast utgangspunkt i slike driftsmetodar og slik teknikk og lokalisering som, ut frå ei samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold, gjev dei beste samfunnsmessige resultat.

Samla vurdering av naturmangfaldet

Ut frå vurdering etter § 8-12 naturmangfaldslova kan ein ikkje sjå at planframlegget vil ha vesentleg verknad for naturmangfaldet i området då det ikkje er gjort viktige registreringar av landskap økosystem, naturtypar og artar.

I planarbeidet har ein nytta viktige informasjonskjelder som naturbase, artskart til artsdatabanken.no, nasjonal raudliste og lokale observasjonar av naturmangfald. Det er ikkje avdekkja konflikta mellom arealbruksendringane og utvalde naturtypar og prioriterte artar i forslag til forskrift. Endringane er òg vurdert i høve til naturmangfaldet generelt og registrert kjent lokal kunnskap.

9.10 VURDERING AV TILTAK I HØVE TIL MARINBIOLOGISK MANGFALD – HAVBRUK/FISKE

Det er ikkje gjort registreringar i høve til marinbiologisk mangfald i samanheng til havbruk/fiske. Planforslaget er i reguleringsplan utan krav om konsekvensutgreiing. Fiskeridirektoratet meldar om at *Heilskapleg forvaltningsplan for kysttorsk dør for 62 0N* må nyttast for å unngå å setje i gang tiltak som kan få konsekvensar for torskbestanden i området. Det er påvist viktige gytefelt i Fensfjorden og Hauglandsosen⁶. Ved tilrettelegging av nye anlegg som er knytt til sjø (etablering av nye kaier) må arbeidet ta omsyn til torskbestanden. Det skal ikkje sprengast, fyllast ut eller deponerast massar i sjø i gyteperioden til torsk, som er i tidsperioden februar-april. Tiltak i ureina område på land eller i sjø skal følgje krava etter ureiningslova. Dersom det er ureina grunn over normverdiane pliktar tiltakshavar å utarbeide ein tiltaksplan. Når det skal fyllast ut eller mudrast i område der det er fare for ureina sediment, må miljøtekniske undersøkingar stadfesta ureiningsgraden. Storleiken på tiltaket/utfyllinga er avgjerande for kva undersøkingar som må utførast, jf. Miljødirektoratet sin rettleiar Handtering av sedimentar (M-350, 2015). Store tiltak > 50000 m³/30000 m³ krev både sedimentgransking og naturkartlegging. Naudsynte tiltak som til eksempel utplassering av oppsamlingskjørt/lenser utanfor fyllingsområdet skal vurderast i plan for anleggsfasen.

Side | 31

9.11 PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD

Innanfor BKB1 nordaust i planområdet er det opparbeidd eit nytt næringsbygg med ulike handels- og servicetilbod som er eit positivt tiltak for folk som bur og arbeidar i området.

9.12 KONSEKVENSA FOR SJØTRANSPORT

Tiltaka i sjø innanfor planområdet ligg ikkje i konflikt med farleia og vil difor ikkje ha vesentlege konsekvensar for sjøtransport.

9.13 KONSEKVENSA FOR NÆRINGSINTERESSER

Denne planen legg til rette for at ulike næringsinteresser kan etablere seg i området. Ein legg for eksempel til rette for landbasert fiskeoppdrett, vindmøller, gassbehandlingsanlegg, verft, kai, hamner, demontering av oljeinstallasjonar, montering, service, handtering av farleg avfall, osv.

Desse tiltaka vil skape mange arbeidsplassar i Gulen kommune. Lokaliseringa er sentral med kort veg til hav, ferje og vegar. Planen vil kunne skape konkurranse blant nye og etablerte bedrifter.

9.14 JURIDISKE/ØKONOMISKE KONSEKVENSA FOR KOMMUNEN

Ingen kjende konsekvensar.

9.15 INFRASTRUKTUR

Ingen kjende konsekvensar.

9.16 ROS-ANALYSE

Bakgrunn

I tilknytning til reguleringsplanarbeidet er det utført en analyse av risiko og sårbarhetstilhøve. ROS-analysen bygger på føreliggande kunnskap om planområdet og arealbruken der. Tabellen som er nytta har teke utgangspunkt i kriterievurdering av konsekvens og sannsynlegheit som vart nytta i ROS-rapport for Gulen kommune i 2015. Ein nyttar same 5 trinnas inndeling.

Akseptkriterier og metode

Akseptkriteriene definerer kva risiko ein er villig til å akseptere, ofte knytt opp mot tap innan følgjande tema; liv, helse, ytre miljø og materielle verdiar. Rettleiar frå Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB), Krav til risikovurdering (NS 5814:2008) og rapporten GIS i samfunnssikkerheit og arealplanlegging Vestlands-prosjektet (SiGve-rapporten) dannar grunnlaget for metoden og akseptkriteriene.

For å systematisere arbeidet med ROS- analysen blir det brukt skjema og matriser. Metoden for en ROS-analyse kan framstillast forenkla i følgjane 6 punkt:

⁶ Uttale frå fiskeridirektoratet datert 19.04.17



Figur 24 Skjematisk framstilling av metode

Eit **risiko- og sårbarhetsbilde** er definert som summen av **sannsynlegheit** - kor ofte uønskt hending forventast å inntreffe, og **konsekvensen** - kor alvorlege konsekvensar hendinga kan medføre.

$$\text{Risiko} = \text{sannsynlegheit} \times \text{konsekvens.}$$

Det er vanskeleg å fastslå ein frekvens og konsekvens av ein hending. Ved å anslå sannsynlegheit og konsekvens vil ein snakke om gjennomsnittstal på hending over tid. Det kan på den måten inntreffe fleire eller færre hendingar i eit gitt tidsperspektiv enn anslått i ROS- analysen. Intensjonen med ROS- analysen er at funn skal følgjes opp med risikoreducerande eller skadeavgrensande tiltak og legge føringar for vidare planlegging av arealbruk.

Klassifisering av sannsyn og konsekvens

Graderinga er delt i 5 ulike nivå, frå særst sannsynleg til usannsynleg, og frå katastrofalt til ufarleg, sjå figur under.

Vurdering av sannsynlegheit

SANNSYNLEG	VEKT	DEFINISJON
Særst sannsynleg	5	Meir enn 1 hending pr. år.
Mykje sannsynleg	4	1 hending pr. 1- 10 år
Sannsynleg	3	1 hending pr. 10 - 100. år
Noko sannsynleg	2	1 hending pr. 100 - 1000 år
Lite sannsynleg	1	Mindre enn 1 hending pr. 1000 år

Klassifisering av konsekvens

KONSEKVENNS	VEKT	LIV OG HELSE	MILJØ	MATERIELLE VERDIAR	STABILITET tenesteyting/kritiske samfunnsfunksjonar
KATASTROFALT	5	Meir enn 5 daude og/eller 10 alvorleg skadde. Meir enn 250 evakuert	Langvarige/varige skader.	Øydelegging/skade for over 50 mill. kr	Permanent ute av drift.
KRITISK	4	Inntil 5 daude og/eller 10 alvorleg skadde. Inntil 250 evakuerte	Store og alvorlege skader. Normalisert innan 25 år	Tap av og/eller kritisk skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Omfang mellom 10 - 50 mill.	Stans mellom 3 mnd - 1 år. Kan ikkje stole på reservesystem
ALVORLEG	3	Få, men alvorlege skader. Eller opptil 10 personskadar	Stort omfang/område er råka. Tidsavgrensa skade - normalisert innan 10 år.	Alvorleg skade - kostnad mellom 1 - 10 mill. kr.	Driftsstans mellom 3 veker til 3 mnd Ingen fullgode reservesystem
EIN VISS FARE	2	Få og små personskadar	Mindre skade, vert reparert etter kort tid (under 1 år)	Mindre lokal skade på materiell og utstyr. Kostnad mellom 100 000 og 1 mill.	Driftsstans mellom 1 - 3 veker Trong for reservesystem
UFARLEG	1	Ingen personskade	Ingen skade eller ureining	Små eller ingen skade på materiell og utstyr. Kostnad under kr. 100 000	Driftsstans mindre enn 1 veke

Akseptkriteria

Hendingar i raude felt	Medfører uakseptable risiko. Her skal risikoreducerande tiltak gjennomførast, alternativt skal det utførast meir detaljerte ROS-analyser for å avkrefte risikonivået.
Hendingar i gule felt	ALARP - sone, dvs. tiltak kan gjennomførast for å redusere risikoen (ALARP = As Low As Reasonable Practicable). Det vil vere naturleg å legge ein kost-nytteanalyse til grunn for vurderinga av ytterlegare risikoreducerande tiltak.
Hendingar i grønne felt	I utgangspunktet akseptabel risiko, men ytterlegare risikoreducerande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar.

VURDERING AV RISIKO OG SÅRBARHEIT:

Vurderinga er gjort i eige dokument vedlagt.

Oppsummering ROS-analyse:

Avdekka risiko: Planforslaget inneber vidareføring av eksisterande nærings og industriverksemd. Aktivitetar medfører ein auka risiko for ulykker i samband med brann, eksplosjon, kjemikalieutslepp, stormflo, utfylling/utslepp i sjø, støv og støy. Trafikk til og frå planområdet vil kunne føre til risiko for trafikkulykker på fylkesvegen. På grunn av risiko for stormflod bør det settast krav i føresegnene om at planeringshøgda skal vere på minimum kote +3,25 meter. Bedriftas HMS system, beredskapsplan og sikker jobb analyser skal følgjast.

Side | 33

Avbøtande tiltak:

Det vil takast omsyn til tilkomst, sløkkjemoglegheiter og andre tiltak som reduserer risiko for ulykker i samband med næring og industriverksemda i planen. Dette vil også avklarast nærmare i rammesøknad. Det er lagt til føresegn for å forhindra forureining, sjå planføresegner.

10 MERKNADAR

10.1 MERKNADAR VED PLANOPPSTART I 2013

Nr	Avsendar		Dato
	Offentlege instansar – statleg		
1.	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Brev	31.05.13
2.	Statens vegvesen	Brev	13.05.13
3.	Sogn og Fjordane Fylkeskommune – Kulturavdelinga	Brev	24.05.13, 28.05.13 og 6.06.13
4.	Bergen Sjøfartsmuseum	E-post	16.05.13
5.	Fiskeridirektoratet	Brev	14.05.13
6.	Kystverket	Brev	26.06.13
7.	NVE	Brev	29.04.13
	Kommunale etatar		
	Ingen		
	Private		
8.	Bent Unneland	E-post	4.05.13
9.	Bygg-Kon	Brev	27.05.13

1. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i brev av 31.05.13:

Planomtalen bør omtale tema som støy, landskap, estetikk, friluftsliv, ureining, nærmiljø, naturmangfald og grønnstruktur i tillegg til ei ROS-analyse.

Planomtalen skal gjere greie for verknadene av planen sett i samband med ulike interesser og omsyn.

I den grad planforslaget vil ha verknad for landbruk i området bør dette omtalast.

Planleggjar sitt svar:

Planskildringa vil ta opp og omtale tema som fylkesmannen tek opp og det er utarbeida ROS-analyse.

2. Statens vegvesen i brev 13.05.13:

Tilkomst til plan må ha god utforming i samsvar med vegnormalane.

Planleggjar sitt svar:

Handbok 100 leggst til grunn for planarbeidet.

3. Sogn og Fjordane Fylkeskommune – Kulturavdelinga i brev av 24.05.13, 28.05.13 og 6.06.13:

Brev av 24.05.13:

Det er tidlegare blitt påvist tre område med steinalderfunn innanfor planområdet. Desse eksisterer ikkje lenger.

Planområdet har potensiale for automatisk freda kulturminne og fylkeskommunen ser trong for å gjennomføre kulturminneregistrering.

Planomtalen må gjere greie for kulturminne, stadnamn og andre kulturhistoriske forhold.

Bergen sjøfartsmuseum vil krevje undersøkingar om evt. skipsfunn i samband med offentleg ettersyn.

Brev av 28.05.13:

Side | 34

Kulturavdelinga har trong for å gjennomføre undersøkingar etter automatisk freda kulturminne.

Brev av 6.06.13:

Etter nærare vurdering finn vi å fråfalle kravet om kulturminneregistrering. Fylkeskommunen ynskjer at det vert tatt inn i planføresegnene ei føresegn om plikta i høve til evt. funn av kulturminne under graving.

Planleggjar sitt svar:

Planomtalen skal ta for seg kulturminne, stadnamn og andre kulturhistoriske forhold i den grad ein finn slike.

4. Bergen Sjøfartsmuseum i e-post av 16.05.13:

Bergen sjøfartsmuseum varslar at dei vil krevje undersøkingar om evt. skipsfunn i samband med offentleg ettersyn.

Planleggjar sitt svar:

Takast til etterretning.

5. Fiskeridirektoratet i brev av 14.05.13:

Fiskeridirektoratet sine interesser er å sikre marint biologisk mangfald og fiskeri – og akvakulturinteresser. Det gjeld både notidige og framtidige. Særleg gytefelt må takast omsyn til. Fensfjorden er eit viktig ressursområde for fiskeri med viktige gytefelt for mellom anna kysttorsk. Her er også akvakulturlokaliteter i fjordsystemet.

Då ein utbygging kan føre med seg skyting, mudring og utfylling i sjø krev fiskeridirektoratet at det vert undersøkt kva verknad denne aktiviteten kan få for gytefelt i Hauglandsosen.

Fiskeridirektoratet ynskjer at konsekvensar av fiskeri – og akvakulturverksemd i Fensfjorden og tilliggjande fjordsystem samt det marinbiologiske mangfaldet i og rundt planområdet må utgreiast.

Planleggjar sitt svar:

Planen utløyser ikkje krav om planprogram og KU. Konsekvensar for kysttorsk vert omtalt i planskildring. Viser til eksisterande resipientundersøkelse av vassførekomstane Fensfjorden og Sløvåg 2015, ein rapport frå rådgivande biologer, <http://www.radgivende-biologer.no/uploads/Rapporter/2167.pdf>

6. Kystverket i brev av 26.06.13:

Kystverket skal vere merksam på tiltak sett i høve til kystforvaltning med sikker og effektiv sjøtrafikk. Planarbeidet må vise eksisterande hamneanlegg og evt. planlagde nye hamneanlegg. Til evt. nye hamneanlegg knytt det seg ei rekkje tilhøve som ein må sjå på. Kystverket har mykje kunnskap som om hamnar og farvann.

Planleggjar sitt svar:

Kystverket vil bli kontakta under prosjektering for å sikre at planlagde kaiar vert i samsvar med føresetnader ein ser det er trong for på staden.

7. NVE i brev av 26.04.13:

Det renner ein mindre bekk gjennom planarbeidet der NVE rår til at ein nyttar kategorien «bruk og vern av sjø og vassdrag» for å merke vassstrengen og kantsoner kan regulerast til «natur og friluftsliv».

Planleggar sitt svar:

Bekken har ikkje fått eit eige arealformål.

8. Bent Unneland i e-post av 4.05.13:

Unneland viser til alle dokument om «buffersone» mot Halsvika og krev at buffersona ikkje vert utfordra.

Unneland ynskjer detaljerte tilbakemeldingar i planutviklinga.

Planleggar sitt svar:

Buffersona skal ikkje utfordrast.

Unneland vert halden orientert til liks med andre partar i planarbeidet.

9. Bygg-kon i brev av 27.05.13:

Bygg – kon svarar på vegne av Baker Hughes Norge as som eig eigedom gnr./bnr. 14/97.

Sikringssonene ble berekna på bakgrunn av at det i området utanfor feltet ikkje skulle vere mykje persontrafikk.

Baker Hughes motset seg ein bruk av området utanfor sikringsfeltet som strider mot føresetningane ved kjøp av tomte.

Planleggar sitt svar:

Buffersona skal ikkje utfordrast.

Ein skal ikkje utfordre føresetnadene ved tomtekjøpet.

10.2 MERKNADAR VED UTVIDING AV PLANOMRÅDET I 2017

Nr	Avsendar	Dato
	Offentlege instansar – statleg	
1.	Direktoratet for mineralforvaltning	24.03.2017
2.	Statens vegvesen	31.03.2017
3.	NVE	06.04.17
4.	BKK	07.04.17
5.	Kystverket vest	07.04.17
6.	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	10.04.17
7.	Fiskeridirektoratet	19.04.17
	Private	
8.	Sløvåg næringsbygg AS v/Gjert Øyvind Daae.	23.03.2017

1. Direktoratet for mineralforvaltning, brev av 24.03.2017

Planområdet ligg på ein nasjonalt viktig mineralressurs. DMF av ventar eventuelle kommentarar til det føreligg meir konkret informasjon til planforslaget.

Planleggar sitt svar:

Takast til etterretning.

2. Statens vegvesen, brev av 31.03.20

1. SVV føreset at tilkomst frå det nye næringsområdet vert samordna med eksisterande avkøyrslé inn på fv. 57.
2. Viser til siktkrava for avkøyrslé/vegkryss, jf. Gjeldande vegnormalar N100 og V121.
3. Ber om handbok N100 og V121 vert nytta i den vidare planlegginga. Byggegrense skal teiknast inn i plankart. SVV oppmodar om at frisktsoner / siktlinjer inngår i plankartet og føresegnene.
4. SVV vil koma med meir i neste fase av planarbeidet når det vert lagt fram eit planforslag.

Planleggjar sitt svar:

1. Same avkøyrslar skal nyttast.
2. Aktuelle vegnormalar nyttast.
3. Aktuelle vegnormalar nyttast.
4. ok.

3. NVE, e-post av 06.04.17

NVE har ingen innspel til planen.

Planleggjar sitt svar:

Takast til etterretning.

4. BKK i brev av 7.04.17

1. Det må tas omsyn til høgspent og lågspentkablar i og utanfor planområdet. Tiltak som vert planlagt må ta omsyn til eksisterande anlegg og ikkje leggst for nær desse.
2. Det kan verte trong for ny nettstasjon og dette må vurderast i planframlegget.

Planleggjar sitt svar:

1. ok
2. Det er ikkje trong for ny nettstasjon då området har rikeleg med energi.

5. Kystverket vest i brev av 7.04.17

1. Ved planlagt hamneutvikling er det og viktig at ein greier ut særleg hamnetilhøve og innsegling til hamna:
 - Kan kaien nyttast under alle vêrtilhøve.
 - Er det behov for utdjuping.
 - Er det behov for merking eller andre tiltak for å sikre innseglinga til kaiene.
2. Ved hamneutgreiing må det gå fram kva trafikk ein planlegg ved anlegga:
 - Kva skiptypar og laster som er aktuelt. Skipsstørrelse, lengde, djuptgåande m.m.
 - Kor mange anløp ser ein for seg? Inneber dette ei endring av trafikkmonsteret i området?
 - Det er gjerne aktuelt med oppankring ved hamneanløp, og ein må vurdere om det er gode stader for oppankring i tilknytning til hamna.
3. Planen må og leggje til rette at arealføremåla legg til rette for å handtere krav om sikring av eksisterande og planlagde hamneanlegg på ein god og effektiv måte.

Planleggjar sitt svar:

1. Stort sett ja – kan kaiar nyttast i all slags ver. For einskilde av kaiene/hamneanlegga sør i industriområdet er svell (issvull) ein utfordring i samband med spesielle vindretningar. Tilhøve gjeld relativt få dagar i året.
 - Det er ikkje behov for utdjuping i dag, men då drift og typen fartøy endrar seg fortløpande kan de vere aktuelt med utdjuping ved einskilde kai/hamneanlegg.
 - Nei, alle kai/hamneanlegg er merka i samsvar med krav til merking av anlegg av denne type.
2. - Pr. dags dato er det i stor grad ankerhandteringsfartøy og supplybåtar som kjem til hamneanlegg +- 5000DWT, i tillegg er det ein del frakteskuta mellom 500- 5000 DWT. Anlegget har også enkelte vedlikehaldsoppdrag på oljeriggar. Dette er nærmare omtalt i sikringsplan for ISPS området som er utarbeidd i samarbeid med kystverket for kvart enkelt hamneanlegg. Kai 1 blir i hovudsak nytta til reingjering av tankar om bord på supplyfartøy. Kai 2 blir nytta til mottak av container med borekaks og lågradioaktiv avfall samt anna utstyr frå offshore. Vidare er her losselinje for flytande oljeholdig avfall frå Nordsjøen. Dette avfallet blir pumpa direkte frå båt til oppbevaringstankar i land. Det blir også tatt i mot sand frå frakteskuta på kai 1. Kai 5 og 6 brukas til mottak av kjetting for lagring og inspeksjon, moduler og større komponentar som anker og tilhøyrande utstyr. Container med borekaks og LRA. Det er og mottak av bulkprodukt. Vidare blir det lossa salt og lasta brine som er ein blanding av salt og vann. Brine lastas via slange (flytande). Kai 10 nyttas til last som kjetting, anker, wire og andre større konstruksjonar til/frå Nordsjøen. Kai 8 disponerast av Alexsela Sløvåg. Kai 3 og 4 disponerast av Yeoman Sløvåg, Kai 11 av Gulen Base.

Pr. dags dato er det ca. 1500 anløp fordelt på 8 hamneanlegg i Gulen Industrihamn. Nei, trafikkmonsteret vert ikkje endra av anløp.

3. Alle hamneanlegg ved Gulen Industrihamn er godkjente ISPS hamneanlegg. Det er i alt 8 hamneanlegg i hamna. Gulen Industrihamn er under sakshandsaming og godkjenning som eigen hamn hos Kystverket. Godkjenninga reknar ein med å få denne klar i løpet av hausten/vinteren 2017.

6. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 10.04.17

1. Fylkesmannen har ingen kommentarar til utvida plangrense og opprettheldt uttale frå førre varslings- desse tema vil vere viktige i det vidare planarbeidet: støy, landskap og estetikk, friluftsliv, ureina grunn/sediment, nærmiljø, naturmangfald og grøntstruktur.
2. I tillegg viser vi til kravet om risiko- og sårbarheitsanalyse.

Planleggar sitt svar:

1. Planskilddinga svarar på desse tema.
2. ROS vert ein del av planskilddinga.

7. Fiskeridirektoratet i brev av 19.04.17

1. Det er gyteområde for kysttorsk på begge sider av Fensfjorden. Havforskningsinstituttet har registrert gyteområda som regionalt viktige. Mogelege konsekvensar for fiskeri- og akvakulturverksemd i Fensfjorden og tilliggjande fjordsystem og sjøområde, samt det marinbiologiske mangfaldet i og rundt planområdet må utgreiast nærare og må kome inn i planprogrammet og konsekvensutgreiast.

Planleggar sitt svar:

1. Planen utløyser ikkje krav om planprogram og KU.
2. Konsekvensar for kysttorsk vert omtalt i planskildding. Viser til eksisterande resipientundersøkelse av vassførekomstane Fensfjorden og Sløvåg 2015, en rapport frå rådgivande biologer, <http://www.radgivende-biologer.no/uploads/Rapporter/2167.pdf>

8. Sløvåg næringsbygg AS v/Gjert Øyvind Daae, e-post av 23.03.2017

1. Trong for utbetring av vegkryss/avkøyrsl R57 til Sløvåg Næringsbygg Vidsyn med avkøyringsfelt.
2. Busstopp ved Sløvåg Næringsbygg Vidsyn R/57.
3. Fjern/flytte BKK mast (trafo) ved vegkryss.
4. Avkøyrsla er i dag uoversiktleg og det er behov for busstopp. Ta gjerne kontakt og Sløvåg Næringsbygg stiller gjerne på møte for meir informasjon og alternativ til løysingar.

Planleggar sitt svar:

1. Trafikkmengda forbi avkøyringa tilseier ikkje at det er trong for eige avkøyringsfelt. Krysset vert tilrettelagt i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker.
2. Busstopp er lagt inn i plankartet i begge retningar.
3. Flytting av mast vil utførast når det er trong for det. Er omtalt i § 3.1.1.
4. Sjå svar 1 og 2.

10.3 MERKNADAR VED OFFENTLEG HØYRING I 05.07.18 – 28.08.18

Merknader ved offentleg høyring er lagt ved i merknadsskjemaet.

11 FORSLAGSSTILLAR SIN AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Planområdet ligg i Halsvika i Gulen kommune og er på om lag 1002 daa. Det vert no utarbeida ein reguleringsplan for området for å legge til rette for vidare utvikling av næringsområdet knytt til mogleg framtidig aktivitet, samt stadfesting av tidlegare godkjente tiltak innanfor planområdet.

Gulen industriområde hamn

Detaljregulering:
gnr. 63 bnr. 15 m.fl.
Gulen kommune

Tiltakshavar:
Wergeland Holding AS

Konsulent:
Ard arealplan as
Nygårdsgaten 114
5008 Bergen
+47 55 31 95 00
www.ardarealplan.no

Utarbeidd av:
Kari Johannesen
Svein Are Furdal

Layout:
Jørgen Håland